



KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 16.03.2018
Vår ref.: 2014/13977-14
Saksbehandlar: hanengu
Dykkar ref.:

Vedkomande motsegn til Kommuneplanens arealdel for Kvinnherad 2018

Vi viser til e-post datert 7.3.2018 med revidert plankart, planforklaring og føresegner og der kommunen ber om at Hordaland fylkeskommune si motsegn gitt i brev av 22.2.2017, vert trekt. Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og merknader

Hordaland fylkeskommune gav fråsegn til 1. gangs offentleg ettersyn av kommuneplanens arealdel i brev av 22.2.2017. Saka vart handsama i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling i deira møte 15.2.2017 der det vart fatta vedtak i 11 punkt. Det var knytt motsegn til fleire punkt knytt til kulturminne og kulturmiljø. I tillegg til er det merknader og innspel knytt til andre tema. I første del av dette brevet vil vi vurdere endringane som kommunen har gjort for å imøtekomme motsegnene, mens i det vidare vil oppfølginga av dei andre merknadene bli vurdert og kommentert.

Kulturminne

Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren har vurdert saka som regional styremakt for kulturminnevern.

Hordaland fylkeskommune sitt vedtak av 22.02.2017 (Utval for kultur, idrett og regional utvikling, Saknr. 26/17, møtedato 15.02.2017) der motsegn i høve til kulturminne var knytt til punkt 8, 9 og 10 er handsama på ny av Kvinnherad kommune:

- 8. Alle tiltak i LNF-Spreidd område skal sendast Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren for vurdering i høve til potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det er knytt motsegn til dette punktet. Motsegn fell bort dersom dette vert teke inn i dei felles føresegnene.*

Dette punktet er teke inn i felles føresegner for LNFS under punkt 7.1.5. i kommuneplanen.

Motsegn på grunnlag av manglande føresegner på dette punktet, vedteke av Hordaland fylkeskommune i brev av 22.02.2017 fell difor bort.

- 9. Der det er lagt inn nye naustføremål utan plankrav, nye småbåthamner, nye område for bruk og vern av sjø og vassdrag, samt nye eller endra bruk av akvakulturføremål skal alle tiltak sendast Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren og Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering i høve til kulturminne i sjø og potensial for funn av slike. Det er knytt motsegn til dette punktet. Motsegn fell bort dersom dette vert teke inn i dei felles føresegnene.*

Dette punktet er teke inn i felles føresegner under punkt 3.9.11, 8.1.3. og 8.5.6. i kommuneplanen.

Motsegn på grunnlag av manglande føresegner på dette punktet, vedteke av Hordaland fylkeskommune i brev av 22.02.2017 fell difor bort.

10. *Det er nokre manglar i kommuneplankartet vedrørande omsynsoner for kulturminne. Opplysingar om desse er lagt ved og må rettast opp. Det er knytt motsegn til dette punktet. Motsegn fell bort når manglane er retta.*

Dette punktet er teke til fylgje og retta opp i kommuneplanen sitt arealplankart.

Motsegn på grunnlag av manglar i kommuneplankartet vedrørande omsynsoner for kulturminne, vedteke av Hordaland fylkeskommune i brev av 22.02.2017 fell difor bort.

I punkt 11 i fråsegna rådde Hordaland fylkeskommune til at Nokre LNF-spreidd område bør avgrensast eller takast heilt ut:

- a. *Austlege del av LNFS-01-07 Skarvatun, grunna tidlegare motsegn i kommunedelplan.*
- b. *LNFS-12-01 Indre Matre, reduserast nord for vegen grunna svært stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne.*
- c. *LNFS-04-12 bør gå ut grunna nærføring til Malmanger prestegard som er freda.*
- d. *Den delen av LNSF-06-04 som omfattar Fjellandsbø bør gå ut grunna kulturlandskap og kulturmiljø.*
- e. *LNSF-15-01 på Fjellbergøy bør avgrensast slik at det ikkje omfattar den søre del av området ved Fjeldberg prestegard.*

Nokre areal for småbåthamn bør avgrensast eller takast heilt ut:

- f. *Småbåthamn Sm-03-06 bør avgrensast eller takast heilt ut grunna automatisk freda kulturminne id. 212354 og det samla kulturmiljøet. Skal det opnast for tiltak må det stillast plankrav.*
- g. *Austlege del av småbåthamn Sm-15-01 bør takast ut eller reduserast grunna nærføring til freda bygg og kulturmiljø.*

Hordaland fylkeskommune ser det som svært positivt at Kvinnherad kommune har redusert dei nemnde LNF-Spreidd områda kraftig, og også teke ut dei to områda for småbåthamn.

Andre merknader

Hordaland fylkeskommune peika i vedtakspunkt 1 på at planskildringa tydelegare burde drøfte behov, mål og strategiar for lokalisering av bustader, fritidsbustader, næring og areal for naust og småbåthamn. Kommunen har utvikla planskildringa vidare sidan offentleg ettersyn, men vi meiner fortsatt at planskildringa i større grad burde vurdert kva behov kommunen har i planperioden og tydelegare mål og strategiar for arealbruken i kommunen. Vi er kjent med at kommunen vil starte opp arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel no i vår, og vil også starte ein rullering av arealdelen samtidig. Vi ber om at kommunen tek med seg desse merknadene inn i arbeidet som no startar opp.

I vedtakspunkt 2 vart det etterlyst eit sterkare fokus på folkehelse og barn og unge sine interesser. Vi registrerer at planskildringa har fått eit eide delkapittel om folkehelse i kapittel 6 *Fokusområde og plangrep*. Her er det også tatt inn nokre punkt om korleis barn og unges interesser skal bli ivareteke. Dette er positivt.

Hordaland fylkeskommune hadde i vedtakspunkt 4 merknader til at kommuneplanen i større grad burde følge opp Regional plan for attraktive senter i Hordaland. Dette vart konkretisert til at planen bør innehalde:

- a. Definisjon av senterstruktur i kommunen i samsvar med regional plan.
- b. Omtale og vurdering av trong for handelsareal.

- c. Omtale av sentrumsutstrekning, særleg viktig for regionsenteret Husnes.
- d. Plankrav for sentrumsområda.

Etter det vi kan sjå har ikkje kommunen omtalt og vurdert behovet for handelsareal i planskildringa. Kommunen har likevel prøvd å innarbeide den regionale føresegna for handel (kap. 4.3 i regional plan) i føresegnene til kommuneplanen og i planskildringa. Etter vår vurdering er ikkje føresegnene dekkande for å avløyse den regionale planføresegna, tvert i mot er dei eigna til å skape uklårheit.

Slik forslaget til føresegner er formulert er dei langt på veg strengare enn den regionale når det gjeld kva som kan tillatast av detaljhandel i senterområda. Vidare regulerer dei ikkje kva som kan tillatast av detaljhandel utanfor senterområda, og unntaka i den regionale føresegna er heller ikkje inkludert. Dette er uheldig, og føresegnene kan ikkje bli ståande slik dei no er formulert. Vi rår til at føresegnene takast ut av kommuneplanen, men at planskildringa tydeleggjer at den regionale planføresegna gjeld framføre kommuneplanen.

Etter det vi forstår definerer kommunen sentrumsutstrekninga til å vere samanfallande med utstrekninga av sentrumsføremålet. For regionsenteret Husnes dekker dette er relativt stort område og større enn det som vil vere det naturlege sentrumsområdet. Regional plan for attraktive senter har i retningsline 2.3 føringar for dette. Hordaland fylkeskommune meiner difor at kommunen bør ha krav om områderegulering for Husnes der ein gjennom arbeidet kan fastsette utstrekninga av sentrumsområdet. Dette er viktig for å kunne følgje opp regional planføresegn for handel.

Når kommunen no skal i gang med å rullere kommuneplanen på nytt i løpet av våren, må kommunen ha fokus på senterstruktur og handel som tema.

Gjennom vedtakspunkt 5 var Hordaland fylkeskommune kritisk til omfanget av spreitt arealbruk og bruk av føremålet LNF-S og meinte det ikkje gjev ønska samfunnsutvikling og styring av arealbruken i kommunen. Vi registrerer at omfanget er noko redusert, men at det framleis er utstrakt bruk av føremålet. På dette punktet er vi klar over har vore drøfta i samband med Fylkesmannens motsegn til planen. Vi vil difor ikkje vurdere dette inngåande no. Hordaland fylkeskommune meiner det er uheldig at fylkeskommunen ikkje deltek i Fylkesmannens prosessar knytt til samordning av motsegner. Som regional planmyndigheit burde Hordaland fylkeskommune vore ein naturleg part i desse møta.

I vedtakspunkt 6 peikte Hordaland fylkeskommune på at Kvinnherad kommune har vist ny byggjegrænse mot sjø i plankartet basert på funksjonell strandsoneavgrensing, men at samanhengende med strandsonekartlegginga ikkje gikk fram av planmaterialet. Planen bør dokumentera og grunngje byggjegrænse i strandsona. Planskildringa har no tatt inn ein meir detaljert skildring av kommunen sitt arbeid med byggjegrænse mot sjø. Det er positivt. Vidare ser vi at byggjegrænse til sjø er konkret vurdert og fastsett i alle byggeområde i samsvar med plan- og bygningslova. Vi har difor ingen vidare merknader til dette punktet.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har vurdert revidert forslag til kommuneplanens arealdel for Kvinnherad og kome til at våre motsegner kan bli trekt. Vi har likevel nokre merknader til korleis kommunen har handtert våre øvrige merknader i saka og ber om at dette vert følgt opp når kommunen startar opp arbeid med både kommuneplanens samfunnsdel og arealdelen no i vår.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Eva Katrine Taule
fagansvarleg kommunal plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamarar

Hans-Christian Engum, planseksjonen, Regionalavdelinga

Lars Øyvind Birkenes, fylkeskonservator, Kultur- og idrettsavdelinga